

---

**Fra:** Marit Røttingen <Marit@abo-ark.no>  
**Sendt:** 18. november 2016 12:42  
**Til:** Kjersti Møllerup Subba  
**Emne:** SV: Øvre Holsbergstien oppdaterte dokumenter  
**Vedlegg:** Planføresegner Øvre Holsbergstien 27.9.2016, rev 18.11.2016.docx

Hei,

Vedlagt ligg reviderte føresegner på alle punkt du påpeiker. Endra litt på setningen i §3.1 nr 1 ang privat uteopphaldsareal. Du får gje ein lyd om det ikkje er ok.

Siste pkt. du peikar på lurar eg litt på: tillatast dersom det ligg til rette for det?  
Kan det heller stå: «Carport kan tillatast oppført innanfor regulerte parkeringsareal.»

Marit

---

**Fra:** Kjersti Møllerup Subba [<mailto:kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no>]  
**Sendt:** 18. november 2016 11:02  
**Til:** Marit Røttingen  
**Emne:** SV: Øvre Holsbergstien oppdaterte dokumenter

Hei igjen

Eg har sett på nokre endringar av føresegnene. Noko er sannsynlegvis feilskrift, og nokre endringar er for å sikre at leikeområda vert opparbeidd i samsvar med føresegnene til kommuneplanen. Eg kjem til å foreslå endringane i forslag til vedtak, og at dette vert endra før offentleg ettersyn. Det beste hadde jo imidlertid vore om de hadde endra desse allereie no viss de meiner at det er ok. Kan du gje meg ei tilbakemelding om korleis de vurderer dette:

- §2, første kulepunkt, 2. setning: *Alle bustader skal ha tilgang til sandleikeplass ikkje mindre enn 50 meter frå bustaden, endrast til (...) ikkje meir enn (...).*
- Følgjande tilleggspunkt må tilføyast §3.1 nr. 1: *Privat uteareal for leilegheiter i 1. etasje innafor BBB3 og BBB4 må skjermast mot gatetunet*
- §3.1 nr.4: Ordlyden i 3. setning *Arealet kan etablerast med element som sittebenk, klatretau, (...) endrast til Arealet skal etablerast med (...)*
- §3.1 nr. 5: *Leikeområdet f\_BLK4 skal opparbeidast med min. 140 m2 sandleikeplass (...) endrast til (...) min. 150 m2 sandleikeplass (...).*
- §3.1 nr.6: (...) *sandleikeplass min. 50 m frå (...) endrast til maks. 50 m frå...*
- Nytt pkt. 12 under §3: *Alle sandleikeplassar skal opparbeidast med sandkasse, bord/benk og min. 2 leikeapparat.*
- Følgjande tilleggspunkt må tilføyast §4.6: Det kan tillatast oppført carport innafor regulerte parkeringsareal dersom det ligg til rette for dette.

Høyrer frå deg. Skulle gjerne hatt denne saka unna i dag..

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba  
Konsulent

Tlf: 41 42 42 47

E-post: [kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no](mailto:kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no)



**Meland kommune**  
*- Eit samfunn for alle -*

---

**Fra:** Marit Røttingen [<mailto:Marit@abo-ark.no>]  
**Sendt:** 18. november 2016 10:10  
**Til:** Kjersti Møllerup Subba  
**Emne:** SV: Øvre Holsbergstien oppdaterte dokumenter

Hei igjen,  
Sender oppdatert illustrasjonsplan med ny planavgrensning.

Mvh Marit

---

**Fra:** Kjersti Møllerup Subba [<mailto:kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no>]  
**Sendt:** 18. november 2016 09:02  
**Til:** Marit Røttingen  
**Emne:** SV: Øvre Holsbergstien oppdaterte dokumenter

Hei  
Takk for reviderte dokumenter. Har de fått sett nærmere på massebalanseutrekninga?

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba  
Konsulent  
Tlf: 41 42 42 47  
E-post: [kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no](mailto:kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no)



**Meland kommune**  
*- Eit samfunn for alle -*

---

**Fra:** Marit Røttingen [<mailto:Marit@abo-ark.no>]  
**Sendt:** 16. november 2016 15:13  
**Til:** Kjersti Møllerup Subba  
**Kopi:** Bjørn Atle Drange  
**Emne:** Øvre Holsbergstien oppdaterte dokumenter

Hei,  
Vedlagt ligg oppdaterte dokument for vidare 1. gangs handsaming:

- Plankart, datert 15.11.2016
- Føresegner, datert 27.9.2016, revidert 16.11.2016
- Planomtale, datert 16.11.2016

- Illustrasjonsplan, datert 15.11.2016
- Parkeringsplan, datert 15.11.2016
- Dokumentasjon møtesikt sving
- Plan og lengdeprofil

Områda som før var nemnd som BKS1a, BKS1b, BKS3 og BKS4 har vorte BBB1a, BBB1b, BBB3 og BBB4. Områda f\_GTV1-f\_GTV3 er vorte f\_SGG1-f\_SGG3.

Som følgje av 3D perspektiva er hus 1 og hus 2 innanfor områda BBB1a og BBB1b endra. Det vart stor høgdeforskjell ved å ha hus 2 så langt vest og den vestligste delen er difor flytt til Hus1. Hus 1 har no 10 einingar og fått utnytting på 145 % BRA. Hus 2 har fått 8 einingar og utnytting på 160 %, sjå ill.plan.

Gangveg til fritidsbustad og del av fritidsbustad med gnr./bnr. 10/69, som tidlegare var med i planforslaget er no tatt ut. f\_BLK1 er framleis med grunna endringa som er gjort i høve gjeldande plan.

Byggjegrænse i høgresving er trekt inn slik at den følgjer hus 3, i staden for svingen. Dokumentasjon for møtesikt og avvik i høve N100 er vedlagt. Møtesikt er 40 m.

Parkering innanfor f\_SPA1-f\_SPA4 er tatt med i utnyttinga når utnyttingsgrad for B9 er rekna ut. Prosenten vart 26,6 %, som er runda opp til 27 % for B9.

Prøver å få til utrekning av massebalanseutrekning, men dette vert truleg ikkje sendt i dag.

Vennlig hilsen  
**Marit G. Røttingen**  
Arealplanlegger  
406 96 616



Hamnevegen 53  
Pb.291  
5203 OS

[marit@abo-ark.no](mailto:marit@abo-ark.no)  
[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)